

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/7252-1

Brev frå Gloppen eldreråd

Vedtak i saka vert skrive i møte 20. september

Vedlegg:

Brev frå Gloppen eldreråd
Svar frå Pensjonistforbundet

Andre dokument:

Sak 10/16, meldesak 1
Sak 8/17, meldesak 9
Sak 6/17 kollektivtrafikk

SAKSFRAMSTILLING

Gloppen eldreråd har teke opp fylgjande problemstillingar i sitt møte 9. april 2018:

1. Endring i praksis rundt fornying av førarkort
2. Innsending av krav om refusjon av pasientreiser
3. Mange eldre saknar dei trykte rutehefta

Gloppen eldreråd reknar med at fleire av desse problemstillingane ikkje berre gjeld eldre i Gloppen, og har eit ynskje om at fylkesrådet for eldre og pensjonistlaget i fylket tek opp saka på vegne av kommunane i Sogn og Fjordane. Gloppen eldreråd har inga forventning om at ordninga vert reversert, men meiner at det før finnast alternative løysingar for eldre og andre som ikkje er aktive på nett.

Fylkesrådet for eldre har teke opp problemstilling nr. 2 og 3 i tidlegare møte:

- I «sak 10/16, meldesak 1», er det lagt fram svar frå NAV i Sogn og Fjordane etter at fylkesrådet for eldre sende inn ynskje om at NAV kontora måtte vere behjelpelig med å fylle ut skjema for pasientreiser for dei som trengde det. I tillegg er det sendt ein uttale til Forbrukarrådet om denne saka.
- I «sak 8/17, meldesak 9», støtta fylkesrådet for eldre Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane eit skriv som vart sendt til m.a. dei politiske partia i fylket, Helse- og omsorgsdepartementet, pasientreiser Helse Førde m.m.
- I «sak 6/17 Kollektivtrafikk» var samferdsleavdelinga og orienterte om ulike samferdsletilbod som fylkeskommunen har ansvar for og kan påverke. Det vart òg opplyst frå samferdsleavdelinga at telefonnummeret 177 er erstatninga for ruteheftet. For dei som treng opplysningar om rutetider og anna, kan dei ringe 177, og få tilsendt ulike rutetabellar som dei har behov for.